

Protokoll frå ekstraordinært årsmøte i Skakke SA

Tid og stad: Skakke onsdag 25. september 2024 kl. 17.00

Eigarlag og -organisasjonar:

Etne Musikklag	Etne Lions
Etne Idrettslag	Etne Skulekorps
UL Fram	Etne Høgre
Etne Bondelag	Coop Extra
Sparebanken Vest	Etne Jeger & fiskef.
Etne kommune	Etne Mållag
Etne Arbeiderparti	

- Sakliste:**
- Sak 1. Val av møteleiar
 - Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste
 - Sak 3. Oppteikning av medlemmar møtt, anten sjølv eller ved fullmektig
 - Sak 4. Val av to personar til å skrive under møteprotokoll
 - Sak 5. Orientering om status varig løysing for Skakke SA
 - Sak 6. Gjennomgang Stresstest
 - Sak 7. Mandat til å utarbeida forslag til endeleg selskapsmodell

Sak 1. Val av møteleiar

Vedtak: Bjørn Tollefsen blei vald som møteleiar

Sak 2. Godkjenning av innkalling og sakliste

Merknad: I innkallinga er møtet omtalt som både eigarmøte og ekstraordinært årsmøte for Skakke SA. Ref. vedtektene §9.

Vedtak: Innkallinga og saklista blei godkjent

Sak 3. Oppteikning over dei medlemmene som har møtt, anten sjølv eller ved fullmektig

Etne Musikklag:	Odd-Steinar Kvinnesland
Etne Idrettslag:	Erling Bjarte Rullestad
UL Fram:	Bernt Enge
Etne Bondelag:	Roar Gundegjerde



Sparebanken Vest:	Nei
Etne Kommune:	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim
Etne Arbeiderparti:	Siri Klokkestuen
Etne Lions:	Pål Askvig
Etne Skulekorps:	Grethe Sølvberg (kom: 17:45)
Etne Høgre:	Arild Stenberg
Coop Extra:	Nei
Etne Jeger- og fiskerforening:	Jan A. Vinje
Etne Mållag:	Nei

Sak 4. Val av to personar til å skriva under møteprotokoll

Vedtak: Jan A. Vinje og Arild Stenberg blei valde til å signera møteprotokollen.

Sak 5. Orientering om status varig løysing for Skakke SA

Styreleiar Bjørn Tollefsen orienterte om kva som hadde skjedd sidan sist årsmøte. Det har vore mykje aktivitet, med to gjennomførte styremøte, stresstest, uttalelse frå revisor og juridiske betenkningar. Det har vore fleire forslag til modellar, og dagens forslag frå Sparebankstiftinga Etne er ikkje styrebehandla i Skakke SA då forslaget kom like før årsmøtet.

Sturla Vik Vestly informerte møtet om forslaget til varig løysing for Skakke SA frå Sparebankstiftinga Etne.

Kort oppsummert ønsker Sparebankstiftinga Etne å omdanna Skakke frå eit sameigeforetak til eit ideelt aksjeselskap. I eit ideelt aksjeselskap vil stemmetalet vera det same som eigardelen, og ikkje baserast på betalt leige til foretaket, slik det er i dag. I ei slik skattefri omdanning til ideelt aksjeselskap vil aksjeandelen baserast på omsetninga frå eigarlaga dei siste 5 åra (gjennomsnittleg omsetning, sjå vedlagt tabell.)

Eier	Omsetning siste 5 år	Ny eierpost i %	Merknad
Etne kommune	1363308	61,350	
Etne IL	730946	32,893	
Etne Bondelag	898	0,040	
UL Fram	15077	0,678	
Etne AP	541	0,024	
Etne Lions	227	0,010	
Etne skulekorps	610	0,027	
Etne H	0	0	Blir ikke med videre som eier
Coop Extra	25599	1,151	
Etne Jeger & Fisk	1016	0,045	
Etne Mållag	0	0	Blir ikke med videre som eier
Sparebanken Vest	69510	3,128	
Etne musikklag	14428	0,649	
Sum	2222160	99,995	Desimalavrundet

Sparebankstiftinga går inn med ei gåve på 30 millionar kroner og ynskjer å vere ein aktiv eigar i selskapet, og vil difor også ha aksjer. Slik ser eigarfordelinga ut etter den skattefrie omdanninga.



Eier	Omsetning siste 5 år	Ny eierpost i %	Merknad
Etne kommune	1363308	7,217%	Kommunen overdrar 30/34 av sine aksjer til SE etter at skattefri om-danning er wigjennom-ført, og sitter igjen med 7,217%
Sparebankstiftinga Etne		43,132%	SE mottar aksjer fra kommunen tilsvarende 43,132%
Ny aktør		11%	Ny eier som mottar ak-sjer fra kommunen tilsvarende 11%
Etne ll	730946	32,893	
Etne Bondelag	898	0,040	
UL Fram	15077	0,678	
Etne AP	541	0,024	
Etne Lions	227	0,010	
Etne skulekorps	610	0,027	
Coop Extra	25599	1,151	
Etne Jeger og Fisk	1016	0,045	
Sparebanken Vest	69510	3,128	

Etne Musikklag

14428

0,649

Eit vilkår for gåva er at Sparebankstiftinga går inn som eigar. Etne kommune, ein ideell aktør og Sparebankstiftinga deler askjeposten til Etne kommune, og Sparebankstiftinga sit då med 43% av aksjene medan Etne kommune sit igjen med 7%. Etne Idrettslag vil eiga 33% og ein ekstern ideel aktør vil eiga 11% av aksjene. Øvrige lag kjem til å ha mindre aksjeandelar (sjå tabell over).

Målet til Sparebankstiftinga Etne er å sikra ein stabil selskapsmodell for Skakke SA, og stiftinga vil difor gå inn som aktiv eigar i 3 til 5 år. Dei vil vera med å byggja opp eit likviditetsfond gjennom drift og mulige tilførte midlar, for så å trekka seg gradvis ut av selskapet. Når situasjonen for det nye Skakke AS er stabil økonomisk, vil Sparebankstiftinga Etne gi aksjene sine til andre aksjonærar i selskapet.

Filippo Ballarin, kommunedirektør i Etne kommune, informerte om at kommunen stiller seg positiv til å omdanna Skakke til eit ideelt aksjeselskap, men han er likevel usikker på om politikerane vil godkjenna at dei skal minska sin aksjeandel til 7%, men det er ikkje umogleg. Kommunedirektøren ber om at dei ulike eigarlaga har årsmøte i sine lag, for så å senda tilbakemelding til kommunen innan 5. oktober, slik at kommunedirektøren skal ha moglegheit til å førebu saken til formanskapet.




Sak 6. Gjennomgang av stresstest


Svein Rune Sørensen frå Sveco Partnes orienterte om stresstesten dei har utført.

Testen viser at Skakke har gode moglegheiter for eit positivt driftsresultat etter at selskapet blir gjeldsfritt.

Vedtak: Årsmøtet tok saka til orientering.

Sak 7. Mandat til å utarbeida forslag til endeleg selskapsmodell

Vedtak: Årsmøtet gir styret i Skakke SA fullmakt til å utarbeida komplett modell for skattefri omdanning av selskapet til ideelt aksjeselskap. Modellen skal framleggast for årsmøtet for endeleg godkjenning.


Arild Stenberg


Jan A. Vinje